

Til Kultur- og Kirkedepartementet

lok 190
Kultur- og kirkedep.
M
Saksnr. 200800738 1.9.08
Kode. Ki-501

SÆRUTSKRIFT FRÅ MØTEBOK FOR ØRE SOKNERÅD

Sak 25/08: "Styrket demokrati i Den norske kirke" Høyringsuttale.

Øre sokneråd kjem med følgende uttale:

Demokrati i kyrkja.

Til Innleiing: Vi stiller spørsmål ved om demokratiet i kyrkja fungerer så dårleg som det ofte blir hevda, og vi trur ikkje dei foreslåtte reformane vil styrke kyrkja som trussamfunn og åndeleg vegvisar.

Men vi er positive til å auke velgdeltakinga ved kyrkjelege valg.

Vi er også positive til at meir makt blir overført fra politiske organ til kyrkja sine eigne demokratiske valgte organ.

Punkt 5.2.1: Auke antal leke medlemmer i Kyrkjemøtet.

På grunn av mest praktiske - men også økonomiske hensyn er vi skeptiske til å auke antallet i bispedømmeråd og kyrkjemøte så mykje.

Punkt 5.2.2. Preferansevalg

Dersom det skal være direkte valg, må vi jo få ei slik ordning.

Punkt 5.2.3. Auka bruk av direkte valg.

Vi ser på det som ein fordel at dei lokale menighetsråda er med og velgjer flest muleg medlemmar til bispedømmeråd og kyrkjemøte.

Vi trur dei fleste kandidatane vil være ukjente for dei fleste som skal velge, og at eit direktevalg blir ganske tilfeldig.

Vi meiner sokneråda sit inne med meir kunnskap om dei forskjellige kandidatane, og også har betre føresetning for å hente inn informasjon.

Vi synes dette tek godt vare på demokratiet.

Vi meiner dagens ordning med indirekte valg vil fortsatt fungere best, men dersom vi skal velge ei av dei to skisserte ordningane, vil vi gå for ordning 2.

Punkt 6.1-5. Styrka oppslutning ved kyrkjelege valg.

Vi synes det er positivt med tiltak som vil øke tilgjengelighet, engasjement og oppslutning om soknerådvalg.

Men vi meiner det er viktig at dette valget ikke er veldig tett linka opp mot dei politiske valga. For eksempel er det greit at det ikkje er i dei samme lokale

Vi ser også ei praktisk utfordring med så mange valglokale som dette vil medføre.

Punkt 6.7 Senka stemmerettsalder.

Vi støttar forslaget.

Punkt 6.13 Frå "råd" til "styre".

Ein artig tanke!

Rett utskrift

Øre 27.08.2008

Aud Toril Gagnat
Aud Toril Gagnat
Sekretær

